

Dato: 21.05.2015
Arkiv: 030&18

Kontrollutvalet

SAK 18/15 ORIENTERING OM HAREID PARKERINGSSKAP AS

Vedlegg

E-post frå rådmannen av 21.04.2015

Saksopplysningar

Det vert vist til e-posten frå rådmannen.

Ordføraren som og er styreleiar i Hareid Parkeringssselskap er beden om å orientere i møtet.

Etter det får ein vurdere om dette er ei sak kontrollutvalet skal gjere meir med.

Forslag til vedtak

Jostein Støylen
Dagleg leiar

Jostein Støylen

Fra: Bent Arild Grytten <Bent.Arild.Grytten@hareid.kommune.no>
Sendt: 21. april 2015 12:54
Til: Jostein Støylen
Kopi: Postmottak Hareid
Emne: Parkeringsselskapet
Vedlegg: Re: Lånegaranti

Rådmannen er uroa i høve driftssituasjonen til Hareid Parkeringsselskap AS. Selskapet er som kjend eit heileigd kommunalt aksjeselskap og kommunen heftar med aksjekapitalen i selskapet samt diverse forskotteringar til selskapet. Den økonomiske verdien av dette, skal pr. i dag vere om lag kr 700 000.

Hareid Parkeringsselskap søkte om kommunal lånegaranti på 5,3 mill. kroner i juni 2014. Kommunestyret gjorde positivt vedtak om dette 19.06.2014. På basis av dette søkte rådmannen fylkesmannen om godkjenning av den kommunale lånegarantien. Fylkesmannen svara i e-post av 21.07.2014 at dei trengde meir dokumentasjon. På dette tidspunktet var eg på ferie og sidan dokumentasjonen, for det meste var av ein slik art at det låg til styret i parkeringsselskapet å legge han fram, vidaresende eg e-posten dagen etter til ordførar / styreleiar og bad om at etterspurd informasjon vart sendt til fylkesmannen. Eg fekk aldri noko svar frå styreleiar i høve dette. Men sidan fungerande rådmann Helga Bøe Grimstad også hadde tatt tak i e-posten og sendt den til kommunalsjef Nils Nupen, som igjen hadde vidaresendt den til m.a. styret i parkeringsselskapet, rekna eg med at dette vart tatt hand om.

Men det viste seg i ettertid at ingenting hadde vore gjort. Eg sende då straks den delen av den manglande dokumentasjonen som kommuneadministrasjonen kunne bidra med, til fylkesmannen. Eg sende også påminningar til styreleiar om at fylkesmannen no burde få dokumentasjonen som var etterspurd, slik at lånegarantisøknaden kunne handsamast. Eg var jo opptatt av at parkeringsselskapet skulle få ordna det finansielle, slik at kommunen sin likviditet ikkje skulle bli ytterlegare belasta. Men heller ikkje denne gongen fekk eg svar på nokon av e-postane mine.

Årsaken til at det blei aktuelt for meg å engasjere meg, var at det kom henvendingar frå kreditorar, som ikkje hadde fått oppgjør for utført arbeid, bestilt av parkeringsselskapet. Dette var arbeid knytt til utarbeiding av skiltplan m.m. og anna konsulentarbeid. Det eldste kravet var om lag eit år gammalt. Krava var både purra og truga. Også i dette høvet vende eg meg til ordførar i e-postar utan å få noko svar. Først den 24. februar får eg e-post med oppmoding om å overføre kr 450 000 til parkeringsselskapet sin konto. Dette med basis i eit kommunestyrevedtak av 06.02.2014, som seier at kommunen skal forskottere naudsynte etableringskostnader for selskapet. I vedtaket ber samstundes kommunestyret om at parkeringsselskapet ordnar med naudsynte låneopptak snarast. Og i lys av det som kjem fram i saksutgreiinga må forskotteringa sjåast på som knytt til utarbeiding av skiltplan og anna naudsynt og allereie delvis utført konsulentarbeid.

Det som gjev grunn til uro no er at fylkesmannen enno ikkje har handsama lånegarantisøknaden fordi det enno mest sannsynleg manglar dokumentasjon (sjå vedlegg). Status har vore uendra i 9 månader og det ligg ikkje føre ein godkjend lånegarantisøknad pr i dag.

Enno meir uroa kan ein kjenne seg når vi har sett av media at parkeringsselskapet har søkt etter dagleg leiar. Noko offentlig søkjarliste såg vi vel aldri, men vi kan lese i Vikebladet at selskapet har knytt til seg dagleg leiar / konsulent. Det er også slik at parkeringsselskapet no har tatt kontakt med kommunen med ynskje om å leige kontor. Kor vidt dei har økonomi til desse tiltaka vitast ikkje.

Eg er uroa over mangelen på samarbeid og openheit og undrast no på om selskapet er i ferd med å dra på seg enno meir kostnader utan at det finansielle grunnlaget er på plass. Eg trur at dette i så fall kan vere i strid med både kommunestyret sin intensjon og med aksjeloven. Det har og vore urovekkande å vere vitne til at parkeringsselskapet konsekvent har neglisjert spørsmål og henvendingar frå rådmannen i desse høva.

Eg ber om at kontrollutvalet ser på denne saka. Det ligg føre skriftleg dokumentasjon for det meste av det eg refererer til i dette skrivet. Dette kan gjerast tilgjengeleg om ynskjeleg.

Med vennleg helsing

Bent Arild Grytten | Rådmann
Rådmannsstab
Telefon: 70095015
Mobil: 48868610



www.hareid.kommune.no